

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Ellen Persvold (dag 1), Olav
Luksengård Mjelva, Jan Heier, Hilde Reitan, Tove Leinslie, –
1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, Trond Grovane Moe, Anbjørg Myhra
Bergwitz, Eivind Kaasin (dag 1), Marit Vestrum, Rannveig Djønne, Jorun Hagen,
Sigurd Reinton.

Konsulent Bjørn Boge.

Tid: 11.desember kl.12 – 12.desember kl.16.30

Stad: Highland Lodge på Geilo

Sakliste

- | | |
|-------------------------|--|
| Styresak 2013/60 | Innkalling og sakliste |
| Styresak 2013/61 | Orienterings- og referatsaker |
| Styresak 2013/62 | Frå laus til halling – meldt sak frå Martin Myhr |
| Styresak 2013/63 | Møteplan for styret 1.halvår 2014 |
| Styresak 2013/64 | Søknad Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015 frå Lom spel –
og dansarlag og stoda i høve Landskappleiken 2015/2016. |
| Styresak 2013/65 | Endringar i kappleiksreglement |
| Styresak 2013/66 | Strategi for vanskelege situasjonar på LK og LF |
| Styresak 2013/67 | Framleis satsing på utanlandske journalistar på LK? |
| Styresak 2013/68 | Krafttak for sang |
| Styresak 2013/69 | Evaluering og framlegg om endring av informasjonsarbeidet |
| Styresak 2013/70 | Møte med hovudnemnda for Landskappleiken 2014, med
omvisning. |
| Styresak 2013/71 | Revidering av handlingsplan – prosess. |
| Styresak 2013/72 | Eventuelt |

Styresak 2013/60 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2013/61 Orienterings- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 3.desember
- b) Rekneskapsrapport per 31.oktober
- c) Orientering om møte med sommarkursa.

Vedtak: Styret tok orienterings- og referatsakene til orientering.

Styresak 2013/62 Frå laus til halling – meldt sak frå Martin Myhr

Vedtak: Styret i FolkOrg vedtek å endre namn på klassa for laus til klassa for halling.

Styresak 2013/63 Møteplan for styret 1.halvår 2014

Vedtak:

1. Styremøte 2014/01 vert sett til 29.-30.januar
2. Styremøte 2014/02 vert sett til 25.mars
3. Styremøte 2014/03 vert sett til 5.juni

Styresak 2013/64 Søknað Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015 frå Lom spel – og dansarlag og stoda i høve Landskappleiken 2015/2016.

Vedtak:

Styret i FolkOrg tildeler Lom spel – og dansarlag Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015.

Styresak 2013/65 Endringar i kappleiksreglement

Vedtak

1. Styret i FolkOrg vedtek å ikkje gjera endringar i tevlingsreglementet i høve lagspelklassa for Landskappleiken. Vedteke mot to stemmer.
2. Gruppespel på Landsfestivalen: Saken var oppe og debattert. Styret treng meir tid til å drøfte saka, og utsett difor vedtak til styremøte 2014/01.
3. Styret i FolkOrg godkjenner endringane i tevlingsreglementet for pardans junior på Landsfestivalen, slik at dei berre treng å danse to ulike dansar. Det vert lov til å danse med følge.
4. Styret i FolkOrg godkjenner at lagdans junior og senior vert prøveordning på Landsfestivalen i 2014.
5. Styret vedtek å behalde medlemskapsplikta for deltakarane på Landsfestivalen.

Styresak 2013/66 Strategi for vanskelege situasjonar på LK og LF

Vedtak:

- FolkOrg må tydeleggjere både ovanfor lag og enkeltdeltakarar på LK og LF av dommarar er FolkOrg sitt ansvar.
- Eventuell misnøye må rettast direkte til styret eller administrasjon i FolkOrg og ikkje til dommarane.
- Laga har ansvar for sine medlemmer, slik at dommarane vert behandla på ein best mogleg måte.
- Skulle ein vanskelig situasjon oppstå er det styret i FolkOrg som skal ta tak i han og løyse den på ein ryddig måte.

Styresak 2013/67 Framleis satsing på utanlandske journalistar på LK?

Vedtak:

Styret i FolkOrg vedtek å ikkje vidareføra satsinga på utanlandske journalistar for Landskappleiken 2014.

Styresak 2013/68 Krafttak for song

Vedtak:

Forslag til ansvarsfordeling mellom FolkOrg og Kvedarforum i ein partnarskapsavtale med «Krafttak for song» godkjennast. Ansvarsfordelinga må gjerast tydeleg i den skriftlege avtalen som blir gjort mellom «Krafttak for song», Kvedarforum og FolkOrg.

Styresak 2013/69 Evaluering og framlegg om endring av informasjonsarbeidet

Vedtak:

- a) Informasjonsprosjekta i FolkOrg vert delt inn i tre delar; redaksjonelt, organisasjonsinformasjon og opplysningskontor.
- b) Bladet Folkemusikk og folkemusikk.no blir ein felles redaksjon, og Folkemusikk.no vert lagt om til å bli ei nettavis. Bladet og nettavisa vert drifta etter bladet Folkemusikk sine føresegner.
- c) Folkorg.no vert oppretta som ein eigen nettstad, og vert organisasjonen si heimeside med medlemsinformasjon, og anna relevant informasjon. Det vert utarbeidd eigne retningslinjer for denne portalen.
- d) Styret set av ei ramme på 150 000,- i 2014 til dette arbeidet. Arbeidet med omlegginga startar omgåande. Definerings av nye stillingsprosentar og -instruksar skjer i samband med budsjetthandsaming for 2014.
- e) Ein startar arbeidet med å opprette eit opplysningskontor for folkemusikk- og dans i form av ein nettportal med fakta, grunninfo om sjangeren, utøvarane, instrumenta osv. Administrasjonen går i dialog med relevante samarbeidspartnarar, og kjem attende med ei prosjektskisse på prosjektet våren 2014.

Styresak 2013/70 Møte med hovudnemnda for Landskappleiken 2014, med omvisning.

Hovudnemnda ga oss ei god orientering om planane for Landskappleiken 2014 og viste oss rundt på arenaene.

Styresak 2013/71 Revidering av handlingsplan – prosess.

Ingen vedtak.

Styresak 2013/72 Eventuelt